

NOA-VISE

Noa var ein merkeleg mann
For han bygde båten sin langt inn på land
Og folket log av Noa, og sa
At Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Ja, Noa han starta eit båtbyggeri
Noa, han bygde båt på si
Og byggeforeskrifter, det hadde han,
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Noa fekk int'resse for zoologi
Og samla masse dyr på si fritid
To av kvart slag, det samla han
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Så gjorde Noa seg klar for cruise
Og båten døyptes "Arka" med masse sus og dus
Før han gjekk inn i Arka med heile sitt hus
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Så begynte det å regne stritt
Det har eg lese, svart på kvitt
Og vatnet steig så Arka flaut fritt
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Ja, slik drog Noa på båttur han
Og segla førti dagar utan å sjå land
Før han omsider flaut inn på Ararat strand
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

Og så var turen ferdig, og Noa han steig ut
Og turen enda alt i alt bra til slutt
Og dei som hadde flira, dei hadde skjemt seg ut
Ja, Noa var -
Noa var ein merkeleg mann

*Douce France
Cher pays de mon enfance
Noa était un homme étrange*

Odd Goksøyr
- ein gong på 70-talet